



Notat

Dato: 16.02.2018
Arkivsak: 2014/193-33
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Sentralt AKAN-utval

Årsmelding 2017 frå sentralt AKAN-utval

Retningslinjer for AKAN-arbeid i HFK seier følgjande om det sentrale AKAN-utvalet:

Det sentrale AKAN-utvalet består av:

- *to arbeidsgjevarrepresentantar, der den eine leier utvalet*
- *to tillitsvaldrepresentantar*
- *fylkeshovudverneombodet*
- *AKAN-koordinator frå Bedriftshelsetenesta HFK*
- *Sekretær frå HR-seksjonen.*

Funksjonstida for utvalet er to år, med høve til attval.

Det sentrale AKAN-utvalet skal organisere og legge til rette AKAN-arbeidet i fylkeskommunen.

Utvalet skal også vere pådrivar i det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Dette inneber m.a. å syte for at alle tilsette får nødvendig informasjon, og at leiarar og andre nøkkelpersonar får nødvendig opplæring.

AKAN-utvalet handsamar ikkje individskader. Det sentrale AKAN-utvalet rapporterer årleg til HAMU om aktivitetar og handlingsplanar. Forslag til endringar og/eller tillegg til retningslinene for AKAN-arbeidet må leggjast fram for HAMU.

Det sentrale AKAN-utvalet har i 2017 hatt dei same medlemmene som året før:

Bård Sandal	leiar/arbeidsgjevarrepresentant
Helene Systad	arbeidsgjevarrepresentant
Rune Stadsnes	tillitsvaldrepresentant
Mariann G. Leganger	tillitsvaldrepresentant
Jorunn Bakke Johannessen	fylkeshovudverneombod
Gro Altenau	bedriftslege
Frode Mannsåker	sekretær

Utvalet har hatt fire møte i 2017 (24. februar, 23. juni, 15. september og 24. november). Hovudsaker i møta har vore:

- Årsmelding 2016
- Handlingsplan for 2017
- Oppsummering av AKAN-seminar 2016
- Planlegging og gjennomføring av AKAN-seminar 2017

- Diskusjonsopplegg/e-læring om AKAN
- Oppfølging av handlingsplanen
- Referat fra AKAN-dagane i Oslo
- Spørsmål om AKAN i Eigenkontrollen 2017
- Møteplan for 2018

AKAN-seminaret i HFK vart halde 5. desember 2017, med 41 deltagarar (mot 37 året før). Innleiar Trygve Fredrik Myhren tok for seg hovudtemaet «Bekymringssamtale – korleis gjennomføre den?». På slutten av seminaret hadde Frode Mannsåker ein gjennomgang av det utsendte e-læringsopplegget med spørsmål til lokal diskusjonsopplegg for det lokale AKAN-arbeidet.

Også i 2017 har AKAN vore tema i opplæring for nye leiarar, gjennom HFK Leiarskulen, med i alt 43 deltagar i to kurs. AKAN er og fast tema i HMS Grunnkurs. I 2017 vart dette kurset halde to gongar, med i alt 111 deltagarar. I tillegg vart det avvikla eit eige HMS-kurs med AKAN for 40 lærlingar. AKAN og rusfritt arbeidsmiljø var også tema i nytilsettsamlingane i januar og september, med i alt ca. 170 deltagarar. HFK samla sett har altså hatt AKAN-opplæring for til saman over 360 tilsette i 2017. Dette er rekordstore tal for AKAN-opplæring i HFK.

I mai 2017 vart det ferdigstilt ei ny retningsline for Arbeidsmiljøutval (AMU) i HFK. I denne retningslina har AKAN-arbeidet fått eit eige punkt:

5.6 AKAN-arbeid

Som lokalt AKAN-utval skal AMU ha AKAN som tema i AMU-møte minst ein gong i året.

Det vert elles vist til eigen sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid som ligg i Kvalitetportalen.

Talet på formaliserte individuelle AKAN-saker i HFK er framleis lågt. I 2017 vart berre *ei* sak registrert i Bedriftshelsetenesta. Ut frå generell statistikk er det grunn til å tru at ein del problem med rus og pengespel blant dei tilsette i HFK ikkje vert avdekka eller ikkje vert teken opp av nærmeste leiar. Dette peiker på behovet for å halde fram med og styrke informasjonsarbeidet omkring rus, avhengigkeit og AKAN-arbeid i HFK.

Handlingsplanen for AKAN-arbeidet i 2017 er i hovudsak følgjt opp. Status for tiltaka er markert i planen, som følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Ny handlingsplan for 2018 ligg ved til informasjon.

Vedlegg: Handlingsplan for 2017, ajourført pr. 31.12.2017
 Handlingsplan for 2018